

Årsmelding 2016



Foto: Vindafjord kommune(Bjoa), Grannar (Ølen)

for
Ølen sokn og Bjoa sokn
Den norske Kyrkje

1. Innleiing

Vi har lagt bak oss eit år med ein del omveltingar i Ølen og Bjoa sokn. Det har vore reduksjon i talet på gudstenester i Ølen kyrkje. Mangeårig sokneprest gjekk fyrst i redusert stilling, for seinare å slutte som sokneprest. Det har vore ulike vikarar i stillinga, før vi fekk fast vikar. Ny sokneprest startar i Ølen og Bjoa i mars 2017. Elles er oppbygginga av trusopplæringa i god gang. Det vert drive eit variert og rikt arbeid i området. Det er mange som yter ein stor innsats i kyrkjelydane, både tilsette friviljuge, det er me takksame for.

Ølen sokn og Bjoa sokn er som før, del av Vindafjord fellesområde, og høyrer til Haugaland prosti, Stavanger Bispedømme.

Den norske kyrkja har hatt overordna visjon «Meir himmel på jorda». Med underpunkter:

Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere:

-vedkjennande

Vi tilber og vedkjenner trua på den treeinige Gud saman med den verdsvide kyrkja.

-open

Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald.

-tenande

Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.

-misjonerande

Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt.

Vi har i 2016 hatt følgjande fokusområde:

- **Diakoni** med fokus på fellesskap og rett til åndeleg liv for alle
- **Gudsteneste** prega av lokal forankring, involvering og fleksibilitet
- **Barn og unge** gjennom systematisk trusopplæring og inkludering
- **Kultur** ved å la skapande evner koma i funksjon

Dette vil vi oppnå ved å:

- *Bera fram den kristne bodskapen gjennom forkynning, forvaltning av sakramenta, kyrkjelege handlingar, undervisning og diakoni.*
- *Vere ein aktiv bidragsytar til ei positiv samfunnsbygging i Vindafjord kommune.*
- *Vere ei folkekyrkje som er synleg og viktig i lokalmiljøet.*

Felles visjon i kyrkjelyden er: "Levande Kristustru - inkluderande fellesskap"

Saman vil vi byggja fellesskap der Guds storverk vert forkynt, menneske møter Jesus og blir utfordra til teneste."

Vi ynskjer med denne årsmeldinga å vise mangfaldet i arbeidet i soknet. Denne synleggjeringa håpar vi kan inspirere til forbøn for arbeidet og dei utfordringane som ligg føre oss. Soknerådet ynskjer framleis å trekke med seg fleire i arbeidet.

2. Soknerådet

2.1 Samansetjing av soknerådet 2016

Leiar: Per Ølfarnes

Nestleiar/Skrivar: Agnar Naustdal

Fellesrådsmedlem: Leiv Karsten Medhaug og Agnar Naustdal med vararepresentant Olav Granberg og Helene Paulsen

Gudstenesteliv: Aud Wenche Klungland/Helene Paulsen

Barn og unge: Siri Djuve (Konfirmantane Trusopplæringsutval, FUT)

Diakoni: Olav Granberg, Helene Paulsen

Representant i styret for Kyrkjetunet: Per Ølfarnes

Styremedlem: Odd Johannes Lien.

Sokneprest Johannes Nedrelid var fast representant i Ølen og Bjoa sokneråd.

Varamedlemmer:

Aina Lunde (Møter fast), Arnfinn Vølstad, Øyvind Berge, Magnus Rydland.

2.2. Møte og saker i soknerådet

I løpet av 2016 har Ølen og Bjoa sokneråd handsama 63 saker fordelt på 9 møte.

Kyrkjelyden sitt årsmøte var 6.mars i Bjoa og 13.mars i Ølen. Gjennomgåande saker har vore:

- Diakoni og gudstenesteliv
- Trusopplæring, med fokus på fasearbeidet
- Konfirmantarbeidet

Utval og representasjon vald av soknerådet

Kyrkjelydsbladet "Hyrdingen": Øyvind Jønsson.

Trusopplæringsutvalet: Kjetil Espeland, Mallin Brekke, Siri Djuve og Helene Paulsen.

Kontakt for Bibelselskapet: Liv Ingunn Heie Medhaug

Frivillig arbeid på soknerådet sine mange arrangement

Det blir lagt ned mykje godt frivillig arbeid av mange i kyrkjelyden. Blant anna i samband med gudstenester, diakoniarbeid, trusopplæring/konfirmantarbeid, kyrkjekaffi, fasteaksjonen, pynting av kyrkjerommet til jul, forbøn m.m. Takk til alle for trufast teneste!

3. Tilsette

Kyrkjelege tilsette med arbeid i vårt sokn i 2016 har vore:

Sokneprest: Johannes Nedrelid. Fast vikar har vore Olav Kristian Tangeland

Kantorar: Nelly og Juri Kotkovitch

Kyrkjeverje: Inghart Lasse Tveit

Klokkar: Frivillig teneste

Kyrkjetenar: Aina Lunde.

Kateket: Britt Karstensen.

Frivillige arbeidarar som har vore medarbeidarar i gudstenester gjennom 2016:

Klokkarar: Ølen: Siv Heidi Eidsheim, Oskar Feed, Helge Stautland, Lars Dalen, Liv Ingunn Heie Medhaug, Ole Agnar Aadland, Per Ølfarnes.
Vikar: Leiv Karsten Medhaug.

Bjoa: Gunnar Norenes, Liv Kari Bødtker, Helene Paulsen, Odd Gjerde, Kristian Risset, Erik Hetland.

Kyrkjevertar: Ølen: Gunnvor Feed, Solveig og Torstein Haugen, Anne Line Granberg, Hanne Jorunn Aasen Risøy, Mette Tofte, Gunnvor Hundhammer, Berit Ølfarnes, Anne Karine Stautland, Siri Djuve.

4. Kyrkjeleg arbeid og samarbeid i soknet

4.1. Gudstenesta

Gudstenestesamlingane er fine og mange har god oppslutnad. Gudstenesta er felles for alt kristent arbeid i soknet. Det er viktig å ta vare på dette fellesskapet og utvikla det vidare.

Litt statistikk

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Hovudgudstenester på søn- og heilagdag	25	26	24	24	26	28	32	36	37	35	36
Tal på gudstenestedeltakarar	3616	3751	3525	3151	3071	3601	3295	3417	3650	3469	3290
Tal andre gudstenester/møte	5	7	6	6	6	6	6	8	8	2	2
Tal på gudstenestedeltakarar	716	815	634	567	680	532	624	599	469	262	282
Gudstenester med nattverd	11	12	9	10	10	11	19	20	27	23	22
Tal på nattverdgjester	514	621	367	397	351	501	799	735	1152	867	956

Felles for Ølen og Bjoa	2016										
Hovudgudstenester på søn- og heilagdag	37										
Tal på gudstenestedeltakarar	3213										
Tal andre gudstenester/møte	11										
Tal på gudstenestedeltakarar	998										
Gudstenester med nattverd	24										
Tal på nattverdgjester	782										

Dåp og konfirmasjon

- 4.2.1 Dåpsarbeidet er viktig i sokna. Dette året vart det 12 gudstenester med dåp og det vart døypt 19 born i Ølen og 3 born i Bjoa kyrkje. I samband med dåp har presten samtalar med dåpsforeldre og denne kontakten vert oppretthalden med helsingar på dåpsdagar, ved innbyding til Babysong og andre trusopplæringstiltak.
- 4.2.2 **Trusopplæring, breiddetiltak gjennom året.**
- Babysong:** 24 deltakarar (Bjoa 4, Ølen 20)
Heime i kyrkja (4 år): Ølen 23 (25 døypte) – annankvart år på Bjoa så der hadde vi ikkje tiltaket i 2016.
(Bjoa skulle hatt «Brubyggjar» - tiltak for 5-6 åringane, men dette blei avlyst pga for få påmeldte.)
- Den store Skattejakta** (7 år): Ølen 19 (23 døypte)(– ikkje Bjoa i 2016)
- Hallo Ven** (9-12år): Ølen. Tiltak i samarbeid med Lundenesrussen. 45 deltakarar, (89 døypte i målgruppa)
- Bibelkjendis** (10-12år): Ølen. Tiltak i samarbeid med Klubben på kyrkjetunet. 31 deltakarar (69 i målgruppa)
- Lys Vaken** (10 år): Ølen – 19 (22 døypte), Bjoa inviterte både 9 og 10-åringar, 11 deltakarar (9 døypte).
- Filmkveld** (10-12 år): Bjoa. Tiltak i samarbeid med Credo-klubben. 7 deltakarar (12 døypte)
- Vener for Livet:** - vinterweekend på Brandøy, felles heile Vindafjord(11 år). Ølen – 9 (15 døypte), Bjoa 6 (6 døypte)
- På val:** (14 år) – informasjon og innskriving konfirmasjon. Ølen 24 (24 døypte), Bjoa 5 (5 døypte)
- 4.2.3 Borna skal kjenna seg heime i gudstenesta og kyrkja. Barnekroken vert flittig brukt av borna. Som del av gudstenesta med barn tilstades, vert ofte “Songkort” og barnesongar nytta.
- 4.2.4 Konfirmantarbeidet har god oppslutnad. Det var 39 konfirmantar i sokna, (Ølen 35 av 38 døypte, Bjoa 4 av 4 døypte), med konfirmasjonsgudsteneste laurdag og søndag. Ungdomstida er ei viktig tid for vegval for resten av livet. Såleis er konfirmanttida ei særskilt viktig tid for utvikling av den kristne trua og det kristne livet. Det er difor viktig at alle tar del i dette viktige arbeidet med forbøn. Soknerådet prioriterer arbeidet blant konfirmantar med samling ved oppstart i september, konfirmantfest, konfirmantleir og konfirmantgrupper. Konfirmantane har ansvar for innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp før påske, i samarbeid med soknerådet. Konfirmantane gjer også tenesteoppgåver i gudstenester gjennom konfirmanttida. Konfirmantane vart invitert på ungdomsgudsteneste på våren, på Lundeneset. Ungdommar ved Lundeneset vidaregåande skule har vore viktige ressurspersonar i konfirmantarbeidet.

4.3 Vigsler og gravferder

Det var 1 vigsel og 22 kyrkjelege gravferder i Ølen kyrkje gjennom 2016. (Noko lågt vigselstal.)

4.4 Kristent fellesutval for Ølen og Ølensvåg.

Ølen sokn har eit rikt kristenliv. Kristent Fellesutval er eit organ for å drøfta, samordna og ha ansvar for fellestiltak ein blir samde om å satsa på i kyrkjelyden. Saman og kvar for oss er me reiskapar for å nå ut med evangeliet blant menneske i Ølen og Ølensvåg. Ølen og Bjoa sokneråd ser det som viktig at dette vert ei fruktbart mangfald, ikkje ein splitta lekam. Arbeidsutvalet i 2016 har vore samansett slik: *Torleif Åreskjold (Leiar Vågen bedehus), Jon Birger Wold (Leiar Kyrkjetunet), Per Ølfarnes (Leiar Ølen og Bjoa sokneråd), representant for Lundeneset vgs Håvard Brekkå, og leiar i Feedback.*

Det har vore to samarbeidsmøte i 2016.

4.5 Anna kontinuerleg trusopplæringsarbeid.

Trusopplæringsarbeidet viser noko av mangfaldet i soknet vårt. Mykje av dette verdifulle arbeidet vert drive av organisasjonane. Dette er eit framtidretta arbeid og soknerådet er takksam for alle som er med på å dela evangeliet med born og ungdom.

- 4.5.1 Søndagsskulen i Vågen har jamn oppslutning, med 50 medlemmer .
- 4.5.2 På bedehuset i Vågen og på Lundeneset vert det drive eit aktivt barnearbeid med Yngres (Indremisjonen) og gute- og jentelag (NLM).
- 4.5.3 Skulelaget har samling annankvar onsdag på Vågen bedehus med 10 medlemmer, ca 8-10 er aktive.
- 4.5.4 Klubben på Kyrkjetunet har samlingar annakvar veke for gutar og jenter i 4.-7.klasse og har 30 medlemmer.
- 4.5.5 ”Loftet” på Vågen bedehus har samling annakvar laurdag for ungdommar. Oppmøtet er godt også her, ca 20 medlemmer.
- 4.5.6 Mini-Credo på Innbjoa bedehus, for 2. – 4. klasse deltek ca.12 born på samlingane kvar 14.dag
- 4.5.7 Credo for 5. – 9. klasse, har i år arrangert 3-4 filmkveldar på Bjoa skule.
- 4.5.8 I «Feedback-huset» er det om fredagar ungdomsarbeid med ulike aktivitetar. Feedback har tenåringar og eldre som målgruppe og har ei kjernegruppe med ca 15 ungdommar frå ulike bygder i kommunen (Normisjon).
- 4.5.9 Voice of Joy er eit barnekor for aldersgruppa 6-12 år, 17 medlemmer. Dei har øvingar på Kyrkjetunet.

Det er risiko med å rekna opp aktivitetar, nokon kan vera gløynde. Dette arbeidet er svært viktig i det kontinuerlege trusopplæringsarbeidet. Det er eit ynskje at det kristne arbeidet som vert drive skal utfylle kvarandre og saman gje eit allsidig kristent tilbod til dei som veks opp i soknet. Soknerådet er takksame for alt arbeidet som vert drive i sokna, og vil minna kyrkjelyden om å be for arbeidet og dei som driv det.

4.6 Misjonsprosjekt

Ølen sin avtale om misjonsprosjekt i kyrkjelyden vart inngått 26.september 2010. Dette er eit misjonsprosjekt i Equador i regi av Misjonsalliansen; spesielt retta mot funksjonshemma barn og unge. Bjoa sitt misjonsprosjekt er til Misjonsalliansen sitt arbeid blant funksjonshemma i Kina. Kyrkjelyden vert oppfordra til å be for

misjonsprosjekta og støtta dette arbeidet økonomisk. Det har vore fleire ofringar til prosjektet.

4.7 Smågrupper, bøn- og bibelarbeid.

Det er fleire smågrupper, bibelgrupper og bønegrupper i sokna våre som jamleg kjem saman. Misjonsforeiningane har og eit jamt arbeid, der bøn og offer til misjonen står sentralt. Her er både kvinneforeiningar og mannsforeiningar.

4.8 Kyrkjemusikk, konsertar og kulturarrangement

Det har vore utøvande musikarar med på gudstenester, noko som er ein rikdom for gudstenestefellesskapet. Det har vore ein konsert i Ølen og ein konsert i Bjoa kyrkje i løpet av 2016. I Ølen kyrkje har det også vore ein «Bibelfeiring» i samband med bibelselskapets 200årsjubileum. Fine samlingar.

4.9 Diakoni

Visjonen for den diakonale tenesta i Den Norske Kyrkje er: " Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste." Det vert drive viktig diakonalt arbeid gjennom arbeid blant barn, unge og vaksne i kyrkjelyden.

Diakoniutval 2016 Ølen: Sigrid Henriksen og Sølvi Eide Lunde. *Bjoa:* Herlaug Norenes, Elin Gjerde, Reidun Sjo.

1: Det har vore 26 andaktar på omsorgssenteret i Ølen, av desse 3 med nattverd. Diakoniutvalet hjelper eldre ved andaktane. Dessutan har det vore to ekstra samlingar med song og musikk.

2: Jubilantane i kyrkjelyden i Ølen som fyller 80, 90 eller 100 år får helsing frå kyrkjelyden. I Bjoa er det helsing ved 75 år og deretter kvart femte år.

3: Dette året har det vore 8 torsdagstreff på Kyrkjetunet. Treffa har 25- 40 framømte. Gunnvor Feed og Ingerid Aadland er leiarar for kvar sitt arbeidslag. Arbeidslaga består av 5 - 6 damer som har ansvar for torsdagstreffa annakvar gong. Samlingane har ei enkel form med mat, tid til prat og fellesskap, ord for dagen og felles song.

4: Innvandrarsamlingar på Kyrkjetunet

Samlingane for innvandrarar er eit samarbeid mellom Vågen bedehus og Kyrkjetunet som starta i fjor, som eit naturleg framhald av samlingane for asylsøklarar på Vågen bedehus vinteren 2015/16. Fleire hadde gått med tankar om at ein skulle fått til noko, og 10. februar 2016 var me i gang. Det var naturleg å ha Kyrkjetunet som base, då dei aller fleste flyktningane er busett i Ølen.

I løpet av 2016 har det vore 39 samlingar. På ein vanleg torsdag møter mellom 20 og 40 innvandrarar opp på samlingane frå 17.30-19.30, men langt fleire har vore innom ein eller fleire gonger. Mange norske i Ølensvåg og Ølen er også med. Aldersspennet varierer frå heilt små til godt vaksne. Mange ulike nasjonalitetar er representert (t.d. Somalia, Syria, Eritrea, Nepal og Sudan).

I haust har ca 25 norske vore med og hatt ansvar, og arbeidet er organisert i grupper, slik at kvar gruppe har ansvar ein gong i månaden. Ansvarer inneber å låsa opp, setja på kaffi og ønska velkommen. Ein stor takk til Baksten i Ølen som har gjeve oss bakverk gratis til

kvar einaste samling! Det viktigaste på samlingane er det uformelle, sosiale fellesskapet. Fleire av innvandrarane set pris på å knyta norske kontaktar, og få øvd seg på norsk. Nokre ønskjer hjelp med lekser, andre synest det er kjekkast med biljardbordet, brettspel eller uformell drøs i sofagruppene. Møtene kvar torsdag gir oss høve til å snakka om det me trur på. Fleire er nysgjerrige på kristendommen. Før jul hadde me ei flott juleavslutning der me både las juleevangeliet og såg fortellinga på film med arabisk tale.

4.10 Kyrkjebladet "Hyrdingen"

Kyrkjebladet "Hyrdingen" har gjeve ut 6 nummer 2016. Bladet vert laga på dugnad som frivillig arbeid. Stoff vert samla inn frå kontaktpersonar i kvart sokn. Kyrkjebladet er eit viktig verktøy i arbeidet vårt. Det er verdifullt å få inn bidrag til bladet og innspel på kva som vert forventa av eit slikt blad. Bladet treng gåver og "bladpengar" for å bera seg økonomisk. Adressa til Hyrdingen er **redaksjonen @ hyrdingen.no**

4.11 Økonomi

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Årsrekneskapen sitt overskot/ underskot (-)	-21746	-11550	-35577	-32738	-62588	-50293
Driftsutgifter utanom overf. av offer til lag og org.	182284	137665	117065	143657	138089	229414
Inntekter arrangement	0	3895	0	1000	0	0
Offer i alt	150979	139 016	134213	136288	122241	118680
Offer til kyrkjelyden sitt eige arbeid	30421	30 846	17904	22969	27880	29421
Offer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	8062	24991	16111	13199		11298
Fasteaksjonen "Brød for verden", konfirmantar	40703	24 020	26516	26953	33266	36497
Overskot Tripp Trapp - til bunde fond	5656	0	0	1)		
Kyrkjelydspedagog, offer			15655	10725		1938
Kyrkjelydspedagog, gjevarteneste			25600	42200	32150	

Felles Ølen og Bjoa	2016					
Årsrekneskapen sitt overskot/ underskot (-)	29448					
Driftsutgifter utanom overf. av offer til lag og org.	188643					
Inntekter arrangement	0					
Offer i alt	150965					
Offer til kyrkjelyden sitt eige arbeid	33520					
Offer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	8062					
Fasteaksjonen "Brød for verden", konfirmantar	40703					
Kyrkjelydspedagog, offer						
Kyrkjelydspedagog, gjevarteneste						

Rekneskapen vert revidert av den kommunale revisjonen.

5. Strategiarbeid

5.1 Strategiplan for lokalkyrkja i Vindafjord

Soknerådet har arbeidd noko med strategiplan for sokna, men er ikkje ferdig. Det har vore vanskeleg å få utarbeidd dette, blant anna på grunn av manglande kontinuitet i prestestillinga. Soknerådet ynskjer å ta opp igjen dette arbeidet når ny sokneprest er på plass.

12.november 2013 var det samarbeidsmøte mellom Fellesrådet og representantar frå kvart sokneråd i Vindafjord fellesområde. Det vart nedsett ein strukturkomité med ein representant frå kvart sokneråd som skulle utgreia mogeleg ny soknestruktur i Vindafjord fellesområde.

Departementet godkjende i 2015 prøveordning for felles sokneråd for sokna Ølen og Bjoa. Valet vart difor organisert slik at det vart vald tre medlemmer frå Bjoa sokn og fem medlemmer frå Ølen sokn til eit felles sokneråd.

Midtvegs i valperioden skal det vurderast om det skal søkjast om å slå saman desse to sokna. Det er tid for å gjera seg opp ei meining om Ølen og Bjoa sokn bør slå seg saman, og soknerådet er takksam for innspel i den samanheng.

5.2 Trusopplæring

Trusopplæringa skal bidra til ei systematisk og samanhengande trusopplæring som vekker og styrker kristen tru, gjev kjennskap til den treeinige Gud, bidreg til kristen livstolking og livsmeistring og utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv. Målgruppa er alle døypte i alderen 0-18 år, uavhengig av funksjonsevne. "GUD GIR- VI DELER" er sett som overskrift på planen for trusopplæring. Vindafjordkyrkjene fekk våren 2014 statlege midlar til trusopplæring. Felles utval for trusopplæring i Vindafjord, FUT, har gjort ein stor og solid jobb for å planleggja for tiltak. Fellesrådet er arbeidsgjevar. Statlege midlar er no på plass. Det er tilsett medarbeidarar i trusopplæringsarbeidet, der kateket Britt Karstensen er leiar. Ølen sokn har mange tiltak knytt til trusopplæring. Det er viktig å samarbeida om, og utvikla desse vidare. Trusopplæringsplanen er godkjend.

6. Samarbeidet med kommunen

Kyrkja har eit nært og godt samarbeid med kommunen. Etter kyrjelova har kommunen eit ansvar for økonomien som trengst til å driva kyrkjene i kommunen. Politikarar og tilsette i kommunen får ros for viljen til å ta vare på kyrkja som ein viktig verdiberar i kommunen. Det er fellesrådet som har ansvaret for kommunikasjon og samhandling med kommunen sine organ.

7. Avslutning

Soknerådet vil takke tilsette og friviljuge for innsatsen for kyrkjelyd gjennom året 2016. Det er eit stort og viktig arbeid som vert drive.

Kvar enkelt som er motivert og brenn for evangeliet er viktig; både i forbønsarbeid, gjevarteneste og i eit mangfald av ulike arbeidsoppgåver. I tenesta og fellesskapet er den einskilde del av Guds evige frelsesplan.

Titus 2. 14-15:

For Kristus gav seg sjølv for oss. Han ville løysa oss ut frå all urettferd og reinsa oss, så vi kan vera hans eige folk, som med iver gjer gode gjerningar. Dette skal du forkynna, og med kraft skal du formana og visa til rette.

Takk for samarbeid og fellesskap gjennom 2016!

Guds signing i arbeidet vidare!

*Ølensvåg, 1.februar 2017
For Ølen sokneråd*

*Per Ølfarnes
Soknerådsleiar*